

Høyringsuttale frå Modalen kommune

Nordhordland biosfæreområde – Strategidokument 2020 - 2024

Bakgrunn:

Føremålet med strategidokumentet er å gje biosfæreområdet ein god plan for arbeidet til eit breitt engasjement for berekraftig utvikling. Dokumentet er tufta på FN sine berekraftsmål og UNESCO sine plandokument for MAB-programmet (Menneske og biosfæren). Strategien skal vere til inspirasjon og bruk for kommunane, næringsliv, lag / organisasjonar og innbyggjarane som ynskjer å slutte opp om målsetjinga: Nordhordland UNESCO Biosfæreområde skal bygge på det beste frå fortida og legge til rette for ei framtid som sikrar berekraftig bruk av alle ressursane i samfunnet - til nytte og glede for folk i dag og for komande generasjonar.

Modalen kommune sin uttale:

Modalen kommune er positiv til arbeidet med Nordhordland UNESCO Biosfæreområde sin strategiplan. Eit strategidokument som dette er med å gje auka forståing for kva eit biosfæreområde er. Oppbyggjinga av planen er lett og oversiktleg.

Visjon og hovudmålsetjing:

Planen har fokus på at alle skal med, uansett alder. Det er positivt at det vert peika på kor viktig samarbeidet mellom private aktørar og det offentlege er. Det er avgjerande at biosfæreomgrep og arbeid er forankra lokalt, og at det er eit forpliktande og tett samarbeid mellom det private og offentlige

Planen synleggjer hovudmålsetjingane på ein god måte, og dei er tufta på FNs berekraftsmål. Måla byggjer på dei tre dimensjonane i berekraftsomgrepet der samarbeid og partnarskap for å nå måla er gjennomgåande (FNs berekraftmål nr. 17). Dei tre dimensjonane er miljømessig, økonomisk og sosial berekraft.

Satsingsområder, strategiar og prioriteringar:

Satsingsområder, strategiar og prioriteringar i planen speglar det som er kome fram i møte med lokalsamfunnet og i samlingar i området på ein god måte. Slik får dei aller fleste til å føla eigarskap til planen. Det vil bety auka bruk av planen og difor auka mogelegheit for å nå måla som er sette. Det er positivt at oversikta over dei fem satsingsområda og tiltaka er kopla saman med FNs berekraftsmål som høyrer til desse.

Under er satsingsområda sett opp i tabell:



Satsingsområder som bør prioriterast komande to-års periode

Levande lokalsamfunn:

Biosfæreområdet ynskjer å bidra til meir kunnskap, kompetanse og engasjement kring ei berekraftig forvalting av ressursane våre – òg dei menneskelege.

I Modalen er det små lokalsamfunn der me alle kan bidra og dra i ein retning. Prosjekt knytt til biosfære kan vere med på å skape samhald og forsterke vår lokale identitet.

Natur, miljø og klima:

Modalen er ein kommune som satsar på reiseliv, mange av tilboda me ynskjer å gje tilreisande er knytt opp mot berekraftig bruk av natur.

Kunnskap og læring:

For Modalen kommune er det viktig at det vert utvikla eit samarbeid med både barnehage og skule for å måla våre. Born og unge er den viktigaste gruppa for å lukkast på lang sikt. Kommunen er difor svært positive til å vere med å utvikle prosjekt som vektlegg barn og unge sin medverknad, og som gjev dei kunnskap om og engasjement for lokal og global berekraftig utvikling.

Grøn verdiskaping:

Berekraftig ressursbruk er avgjerande for ei framtidsretta utvikling av næringslivet i Modalen og resten av regionen. I biosfæreområdet skal me samarbeide om og oppmuntre til grøn innovasjon og verdiskaping. Her har Modalen kommune mykje å bidra med innan feks landbruk og vasskraft, og då særskilt småkraft. Me ser store mogelegheiter innan desse områda for å bidra til satsinga på grøn innovasjon og verdiskaping. Prosjekt knytt til utvikling av grøn verdiskaping vil vere eit område der Modalen kan å bidra med kunnskapsoverføring og formidling av sine erfaringer i eit samarbeid mellom næringsliv og kommune.

Om samhandling i biosfæreområdet:

Modalen kommune tykkjer det er positivt at planen peikar på at det er avgjerande å kome saman, diskutere og dele kunnskap for å skape eit breitt grunnlag for prioriteringar og vegval. I dette ligg også arbeidet med å skape eigarskap, som me nemnde under punktet satsingsområde, strategiar og prioriteringar, og engasjement for biosfæreområdet. Støttar og tankane kring etablering av møtestader og aktiv kommunikasjon.

Konklusjon:

Modalen kommune vil peike på at strategiplanen er eit dokument som er godt utarbeida. Den er bygd på ein måte som er til å kjenne att frå andre planar. Den speglar det som er kome fram gjennom lokalt engasjement frå innbyggjarar, kommunane, lag og foreiningar, næringsliv og forskingsinstitusjonar. Me ser det og som særslig positivt at handlingsplanen skal reviderast etter to år. Slik kan ein foreta ei justering om naudsynt og handlingsplanen vert meir levande.